

Oppfølging av elevfråvær

Sted og prosess Oppvekst / Eleven / Ved fråvær
Sist godkjent dato 11.04.2022 (Knut Åge Teigen)
Dato endret 11.04.2022 (Knut Åge Teigen)
Gyldighetsområde Grunnskule

Dokumentkategori Prosedyre
Siste revisjonsdato
Neste revisjonsdato 24.05.2023
Dokumentansvarleg Knut Åge Teigen

Føremål:

- Felles rutinar ved elevfråvær for grunnskulane i Luster kommune

Omfang:

- Gjeld grunnskulen i Luster kommune

Definisjonar:

Ansvar og mynde: Ansvarsfordeling

- Sidan elevane har ei plikt til opplæring i grunnskulen, må føresette søkje om permisjon dersom barnet skal vere borte frå skulen av andre grunnar enn sjukdom.
- Det er foreldra sitt ansvar at elevane møter på skulen.
- Det er kontaktlærer og rektor sitt ansvar at det vert sett inn tiltak ved fråvær.
- Det er skulen/rektor som har saka, sjølv om ho vert meld vidare i systemet.

Handling:

Ved fråvær:

1. Føresette nyttar Min Skole-app`en til Visma for å melda frå om fråvær, eventuelt kan fråvær meldast gjennom Visma Flyt Skole: <https://skole.visma.com/luster>.
2. Ved tre (3) dagars samanhengande fråvær, kontaktar dei føresette skulen. Dersom dette ikkje skjer, tek skulen kontakt med heimen. Kontaktlærer utarbeidar kvar månad ei oversikt over tal fråværsdagar for alle elevar i si gruppe/klasse.
3. Ved fem (5) dagars einskildfråvær i ein månad, kontaktar skulen v/kontaktlærer dei føresette.
4. Dersom ein elev har vore borte fem (5) einskilddagar, eller har stort timefråvær i kvar månad over ein to-månadars periode, vert dei føresette innkalla til drøftingsmøte der skulehelsetenesta, skulen og eleven deltek. PPT kan kallast inn om nokon ynskjer det. I drøftingsmøtet skal partane komme fram til konkrete, gjennomførbare tiltak, eventuelt i samarbeid med andre instansar.
5. Når ein elev sitt samla fråvær overskrid 15 dagar, vil heimen verte informert. Heim og skule vil samarbeida om eventuelle tiltak.
6. Dersom ein elev forlet skulen utan løyve, vert dei føresette kontakta straks. Skulen prøver i samarbeid med heimen å spora opp eleven.